

forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Haram kommune

Dato: 16.10.2018

FNF Møre og Romsdal er eit samarbeidsforum for natur- og friluftslivsinteresserte organisasjonar i Møre og Romsdal. FNF skal engasjere seg i saker som påvirker natur og friluftslivet i fylket. I dag er Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre friluftsråd, fylkets tre turistforeiningar, fylkets 4 speidargrupper og Møre og Romsdal 4H tilslutta forumet. Totalt representerer desse organisasjonane mange medlemmer med ei stor interesse for å ta vare på naturen for dagens - og komande generasjonar.

Kunstgrasbaner med gummigranulat som forureinar naturen


Kunstgressbaner med gummigranulat frå bildekk har blitt svært vanleg samstundes som at Miljødirektoratet fastslår at dette er den nest største kjelda til mikroplast ut i naturen i Norge i dag. Vi viser til vårt brev til kommunane i Møre og Romsdal fylke av 06.02.2017 om gummigranulat på avveie frå kunstgrasbanene.

Ved førespurnad til Fylkesmannen i Møre og Romsdal om dette gummigranulatet får vi opplyst at spreing av gummigranulat utanfor sjølve bana reknast som forsøpling og ikkje er lov. Vi får også opplyst av Fylkesmannen at kommunen har myndigheit til å krevje opprydding. Dette vart formidla til kommunane i vår epost 02.05.2017.

Vi registrer at vår fylkeskommune fortsett å løyve midlar til kunstgrasbaner, seinast i år ved tilsagn om statstilskot (spelemidlar) til 15 baner i 12 kommunar i fylket vårt. Vi har vald å følgje opp desse 12 kommunane med å plukke ut 1/2 tilfeldig utplukka eksisterande kunstgrasbaner for å sjekke korleis desse blir drifta. Eventuelt om dei har utsleppsløyve for å slippe ut gummigranulaten i naturen/vassdrag/sjø.

På dette grunnlaget og med heimel i miljøinformasjonslova ber vi Haram kommune om dokumentasjon på korleis gummigranulatet blir behandla på følgjande anlegg markert med gult (teke frå anleggsregisteret);

| Anleggsnavn | Anleggsid |
|-----------------------------------|-----------|
| Ravn kunstgressbane | 48346 |
| Uggedalen kunstgress | 41200 |
| Uggedalen kunstgressbane 7èr bane | 71768 |



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Ingbjørn Bredeli
Koordinator Forum For Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal

Kopi:
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal